

Beskriving av tiltak

Det er tenkt etablert bustader på gbnr 142/209, men i fyrste omgang er det veg med tilhøyrande infrastruktur (vatn, avlaup, straum o.l.) som det søkjast om.

I tillegg ynskjer me å bruka eigedom gbnr 142/209, planlagt til bustadar, som deponi i samband med opparbeiding av vegen og for framtidig bustadutbygging.

Det har kome inn 2 nabomerkingar som går på reguleringsplanen sin godkjenning, dette lar eg vera opp til plan og byggesak å vurdere. I tillegg har eigar av eigedom gbnr 142/210 bemerka at vegen er vist i situasjonsplan mindre enn 0,5 m frå hans eigedom. Sjølv om vegen er teikna inn i situasjonsplan i tråd med reguleringsplan, ynskjer me å møte han på denne merknaden. Vegen vert difor endra frå vedlagt situasjonsplan til å ikkje vera nærare enn 0,5 meter frå hans eigedom. Denne endringa vurderer me som ei mindre endring som ikkje krev ny nabovarsling. Flytting av veg medfører at den kan stikke litt inn i område KB1 og F2. Då flyttinga av vegen er så minimal er det ikkje vurdert naudsynt med dispensasjon frå arealføremål. Sidan område KB1 og F2 er på same eigedom som vegen skal etablerast er det ikkje naudsynt med varsling eller grensejustering i samband med denne endringa.